

Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følgje prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.

Namn på skulen:

Tal elevar skuleåret 2015/16:

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått
Andel stryk og IV
Gjennomsnittleg fråvær
Andel sluttarar

1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	78,8
2015/16	78,5

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	6,33	6,79
	2015/16	5,69	4,27
Standpunkt	2014/15	6,33	6,33
	2015/16	4,74	6,16
Eksamen	2014/15	9,14	
	2015/16	9,59	

1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

2014/15	timar	8,15
	dagar	8,76
2015/16	timar	13,31
	dagar	6,59

1.4 Andel sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)

2014/15	0
2015/16	0

1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17***Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?***

Fusa vgs er ikkje til freds med andel fullført og bestått. Me har redusert andel elevar med karakteren 1, men for mykje stryk på eksamen. Talet på IV er stabilt, men framleis for høgt. Talet på IV er knytta til einskildelevar.

Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

Me meiner at me har eit godt opplegg for overgangen mellom grunnskulen og vidaregåande skule. Tett samarbeide med ungdomskulane i området, hospitering og stort fokus på startfasen av skuleåret. Me er også med i Drømmeskolen frå komande skuleår, og har forventningar til at det vil vera med å gjera overgangen enda betre.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Me har eit stort fokus på oppfølging av einskildelevar. Kontaktlærarrollen, rådstimen, tett oppfølging frå elevinspektør og helsesøster og tett kontakt i ressursteamet vil framleis vera sentrale faktorar i arbeidet for å unngå at nokon sluttar.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Me vil vidareføra det opplegget me har hatt dei siste åra. I tillegg vert helsesøstertilbodet auka opp frå 30 til 50 % stilling. Me håpar også at prosjektet «Drømmeskolen» vil vera eit positivt bidrag for å betre overgangen til vidaregåande skule og ivareta dei elevane som treng meir tid for å sosialisera seg inn eit nytt skuleslag.

2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16**2.1 Vurdering for læring****Skulen si vurdering i lys av:**

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:***Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:***

Elevundersøkinga har i fleire år vist at me har eit forbetringspotensiale når det gjeld vurdering. Spesielt eigenvurdering og elevmedverknad i vurderingsarbeidet peiker seg ut som utfordringar.

2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»***Utfordringar:***

Gjennom tverrfagleg samarbeid (FYR), kollegarettleing og fokus på vurdering i fellesskap

arbeider me kontinuerlig for å verta betre i vurderingsarbeidet.

2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Bruk av IKT varierer mellom lærarane. Her vil også FYR-samarbeidet vera ein samarbeidsarena som kan fremma bryluk av IKT i opplæringa.

2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

Utfordringar:

Fusa vgs har eit potensiale å bruka eksterne digitale opplæringsopplegg i større grad enn no. Gjennom FYR-samarbeidet og meir tid til arbeid i faggrupper, håper me å leggja grunnlaget for betre bruk av IKT i undervisninga.

2.3 Klasseleiing

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Elevundersøkinga dei siste 2 åra gjev gode tilbakemeldingar på klasseleiing. Det er «grøn» farge på alle indikatorane på klasseleiing i elevundersøkinga. Me meiner likevel at me har meir å henta både på handtering av felles reglar og bruk av rådstimen som arena for elevmedverknad og vurderingsarbeid.

2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

Utfordringar:

Arbeidsro vil alltid vera ei utfordring som me må ha fokus på. Handtering av felles regler er også eit tema som krev tett oppfølging. Gjennom arbeid med ny utviklingsplan vert bruk av rådstimen trekt fram som svært sentral. Innhald og struktur på rådstimen vil derfor vera viktig for neste skuleår. Me har gode maler for bruk av rådstimen, men treng meir felles

gjennomføring.

3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket

I skuleåret 2015-2016 har me arbeida systematisk med FYR. Me håper at tverrfagleg samarbeid skal gje betre opplæring og vera motiverande for elevane. FYR vil også vera eit grunnlag for tettare samarbeid mellom faglærarar, og vera eit grunnlag for utvikling av eigen undervisningspraksis.

3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

Me er ein del av den store satsinga på FYR. Me vil bruke FYR som eit stor potensiale til å få eit felles løft for tverrfaglegheit og tettare samarbeid mellom faglærarar. Me trur dette vil gje positive resultat både på klasseleiing og vurdering.

3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Mange av lærarane har hatt felle opplæring. Me har elles arbeida systematisk for å samordna årsplanar og aktivitetar for komande skuleår. Prioritering av fellestid til FYR-arbeid og samordna FYR-grupper innafor kvart utdanningsprogram.

3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

Me ser at det er eit tettare samarbeid mellom faglærarar. Innan einskildfag har dette også vore gjort tidlegare, men me ser at dette no vert meir gjennomgåande og systematisk. Me ventar at dette skal gje ei positiv utvikling på klasseleiing og skulen sin vurderingspraksis.

3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

Me er i starten av det systematiske FYR-arbeidet, og det vil vera heilt sentral i komande skuleår.

--

4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

Me har gjennomført ein grunnleggjande prosess inkludert ei 2-dagers personalsamling i mars. Der brukte ein tilgjengeleg informasjon som grunnlag for arbeidet med utviklingsplan

4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Tillitsvalte har delteke i planlegginga av prosessane

4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Alle tilsette har delteke i prosessen med å utarbeida utviklingstiltak. Det er stor semje om at me i større grad sal bruke tilgjengeleg informasjon og statistikk som grunnlag for utviklingstiltak for skulen og for kvar einskild faglærar. Me vil legga det til grunn for bruk av fellestid gjennom skuleåret.

4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Det er ei utfordring å få elevane med i prosessen kring utviklingsarbeidet. Me har tett dialog med elevrådet, og har m.a. gått gjennom nytt styringsdokument. Gjennomgang og bevisstgjerung av tiltak i ny utviklingsplan er planlagt tidleg i komande skuleår. Me brukar også rådstimen som arena for dialog om utviklingsarbeidet og innspel frå elevane til tiltak.

4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Den største utfordringa er å gjennomføre dei intensjonane og tiltaka som det er semje om i prosessen. Me vil halda fram og verta betre på å bruke fellestida til dei tiltaka me er samde om i utviklingsplanen.

5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare

5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?

Deltaking frå alle tilsette er heilt avgjerande for å oppnå god forankring. Me vil også bruka FYR-grupper og avdelingsmøter som arena for samhandling og gjennomføring.